

## Møtereferat

Dato: 03.11.2015

Emne:	<b>Referat frå Regionalt planforum 27.10.2015 - Osterøy kommune – Kommunedelplan sjø og strandsone</b>	
Til stades:	Osterøy kommune: Atle Solberg (utvalsleiar), Alf Terje Mortensen, Jon Flydal Blichfeldt, Laura Ve, Jostein Klette, Kristin Kjærås, Viviann Kjøpstad Fylkesmannen i Hordaland: Tom N. Pedersen(Miljø), Anniken Friis(Miljø), Svein Kornerud(Plan), Hege B. Hellesøe(Plan) Kystverket (video): Knut Stenevik, John Morten Klingsheim, Lene Røkke Mathisen Statens Vegvesen: Kristina E. Wensaas Kartverket Bergen: Aase Midtgaard Skrede, Marius Smistad Mattilsynet: Christine Pettersen, Kristina Birkeland Fiskeridirektoratet Region Vest: Caterina Sunde, Ola Midttun Hordaland fylkeskommune: Gunnbjørg Austrheim (Kultur), Anja N. Sæle (Kultur), Eirik Knive (Kultur), Jan Nordø (Klima & naturress.), Vibeke Lokøy (KNR), Endre Korsøen (KNR), Marit Rødseth (Plan), Per Nordmark (Plan), Eva Katrine Taule (plan)	
Forfall:		Sak: 2014/13624-81
Møtetid:	27. oktober 2015, kl 10.00 – 12.00	Møtestad: Fylkeshuset, Møterom Vestlandet

**Møteleiar:** Plansjef Marit Rødseth**Referent:** Eva Katrine Taule

Plansjefen ønskte velkomen og leiar i planutvalet Atle Solberg takka for høve til å delta i planforum. Han skrytte av planavdelinga i Osterøy kommune for godt arbeid.

### Planforslaget

Jostein Klette frå Osterøy kommune orienterte om planforslaget. Det har vore mye diskusjon i politisk arbeidsgruppe med 8 møte. Osterøy har eit aktivt organisasjonsliv som engasjerer seg i planarbeid og har eit godt samspel med kommunen. Det har også vore ønskjeleg med brei medverknad. Kommunen har hatt møte med forvaltinga innan akvakultur; fylkesmannen, fiskeridirektorat og fylkeskommunen samt næringsaktørane Lerøy Sjøtroll og Tombre.

Det kom inn 35 innspel i oppstartsfasen av planarbeidet; 6 om bustad/fritidsbustad der 3 av desse er innfridd og 8 om naust der 4 er tilrådd. For naust er det stort sett fortetting. Det er mykje gamal naustkultur på Osterøy og i planforslaget har ein lagt vekt på å ta vare på det gamle.

### Småbåthamner

Det er ikkje lagt inn nye småbåthamner, med det er opna for utviding av eksisterande hamner.

### Friluftsliv

Det er satsa på sikring av areal for friluftsliv og tilgang til sjø i planforslaget. Det er 13 eksisterande friluftsområde i planen og det er lagt inn 12 nye. Det har vore halde møte med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF). I områda vert det opna for tilrettelegging med toalett, gangveger o.l.

## Næring

Det har ikkje vore innspel om nye areal til næringsføremål. Osterøy har stor, gammal bygningsmasse i strandsona, særleg garveri. Det er lite innspel knytt til desse.

## Kulturminne

Det er generelt mange kulturminne i strandsona i Osterøy, ikkje minst naust som er SEFRAK-registrert. Det er marine kulturminne ved småbåthamna i Bruvik. I planforslaget er det foreslått omsynssone rundt kyrkjer og ei laksegilje, Askjelneset og gruveområde Skaftå.

## Samfunnstryggleik

Kommunen har nytta skrednett. Alle område som ligg i aktsemdsområde har fått krav om skredvurdering. Det er vist faresone flaum i alle vassdrag.

## Akvakultur

Aktørane ønskjer å utvide 4 lokalitetar. Det er 8 konsesjonar og 17 eksisterande akvakulturområde i gjeldande plan. Produksjonen er stor; 512 tonn/km i Sørfjorden mot 34 tonn/km i gj.snitt i Hordaland.

Det er terskler i fjordsystemet rundt Osterøy, så vassutskifting er eit viktig tema. Byfjordsundersøkelsene frå 1980 syner forverra miljøtilstand med synkande oksygenivå i djupvatnet og nedgang i artstal. Det er særleg innafor terskelen ved Votlo at ein ser forverring. Det er gjort 3 grep i planforslaget i høve til akvakultur:

1. Fjerning av små akvakulturområde som næringa sjølv ikkje er interessert i.
2. Utviding av eksisterande område til store område lenger vekk frå land (eks Tepstad og Angelskår).
3. Miljøkrav til utslepp av organisk materiale ved lokalitetane Blom og Skaftå..

Generelt plankrav til nye akvakulturanlegg.

## Diskusjon:

Generelt: Planprogrammet har vore på høyring og også til diskusjon i Planforum tidlegare. Regionalt nivå er fornøyde med prosessen. Kartverket er positive til at kommunen har oppdatert plankartet.

## Sjøområda:

Kommunen ønskjer ein regional kystsoneplan for heile fjordsystemet. Avgrensing av planområdet langs kommunegrensa midt i fjorden er lite heilskapleg.

## Akvakultur

Det er tatt ut 12 område for akvakultur; 4 av desse har konsesjon og 8 er utan.

Det vart stilt spørsmål frå HFK om planlegging for endra driftsformer og andre artar. Kva med lukka anlegg og behov for infrastruktur på land. Kva behov er det framover? Akvakulturnæringa er ei dynamisk næring, mens planar (kommuneplan og reguleringsplan) er statiske. Ein må gje rom for dynamikken i næringa.

## Veafjorden

Det er eit stort område for skjelproduksjon i Veafjorden i gjeldande kommuneplan. Dette vert vidareført. Kystverket visar til at blåskjelanlegg generelt er ei stor utfordring i høve til opprydding etter anlegg som har gått konkurs. Det er sett av midlar til dette på statsbudsjettet for 2016. Kystverket meiner at areal til blåskjelproduksjon bør gå ut av planen.

Fylkesmannen viste til at det ikkje vil bli gitt utsleppsløyve i Veafjorden for matfiskproduksjon som krev føring.

HFK viser til at det ikkje har vore søknader om blåskjelanlegg etter 2007. Det er no sett krav om at søkjar til blåskjelløyve skal dokumentere sikkerhet for opprydding etter opphør av drift av blåskjellokalitet. Søknader av nyare dato er frå selskap som vil nytta skjel som fór-ingrediens (IMTA).

Frå Kultur vart det vist til at Veafjorden er eit unikt område. Fylkeskonservator har hatt mye kontakt med Vaksdal kommune. Her er det kultur- og turistløype med veglause gardar og servering.

Fiskeridirektoratet meiner at kommunen har gjort ein god jobb med å ta inn overordna føringar i kommunedelplanen. Det er viktig at det vert tatt omsyn til fortøyningar for anlegga i planforslaget. Det er uheldig å måtte handsame endringar i fortøyningar som dispensasjonssaker fordi dei kjem utanfor det avsette område til akvakultur. Dette kan løysast gjennom bruk av fleirbruksområde eller føresegner som omhandlar dette.

Det er omlag 200 skipsanløp til Vaksdal i løpet av dei siste 2 åra. Dei største er inntil 120 meter. Det er også mye trafikk til Eikefet. Generelt er det ulempe med anlegg lenger ut frå land i høve til skipstrafikk.

Mattilsynet er positive til å slå saman anlegg for å få større avstand mellom dei. Men dei må også sjå på om lokaliteten er eigna til dobling av produksjonen i høve til fiskevelferd. Mattilsynet må velge anlegg som gjev god drift. Smittehygieniske fellesområde må også vurderast. Lokaliteten Tepstad har hatt utfordringar i høve til lus og sjukdom. Mattilsynet er elles i dialog med Vossolaugset i høve til villaks.

Blom – Skaftå.

Kommunen viste til at det er ønskje frå næringa om å utvida lokalitetane både på Blom og Skaftå. Kommunen ønskjer eigentleg ikkje akvakulturproduksjon innafor terskelen ved Votlo, både i høve til resipienttilhøve og når det gjeld omsyn til villaks. Kommunen legg difor opp til at utviding av produksjonen i desse områda må gjerast med miljøkrav som gjev 0-utslepp. Miljøkrav med lukka anlegg gjev også betre kontroll med lakselus og rømming. Ved lokaliteten på Skaftå er det kontorfasilitetar på land og her er kaianlegg for bedriften.

Lokaliteten Blom ligg utanfor Havråtunet som har nasjonal kulturminneverdi. Frå Fylkeskonservator sin side er det ikkje ønskjeleg med utvida oppdrettsverksemd her.

Det er på gang prosess mellom dei regionale aktørane FM, HFK, Mattilsynet og næringa rundt lokalitetane Blom og Skaftå. Ein ser på ulike tiltak som kan betre miljøtilhøva. Det finst ikkje teknologi i dag som kan ta dagens produksjon. Skaftå har vore problematisk i høve til lys og støy og er i nokon grad i konflikt med farleia. Kystverket ønskjer også å delta i vidare diskusjon rundt desse lokalitetane.

Klimatilpassing

Oppdrettsanlegg er utsette for ras ved bratte fjordliar. Er tilslamming ein faktor som kan gje auka risiko ved vind og storm med fare for havari og påfølgjande rømming? Kommunen peiker på at anlegga må byggjast for å vera tilpassa lokaliteten. Kommunen sjølv har ikkje kompetanse til å vurdere dette og plan- og bygningslova set avgrensingar.

Frå fylkesmannen vart det peika på at kommunen har stor myndigheit i arealsaker. Dei kan ta vekk område i planen som ikkje er i bruk, både dei som har konsesjon og dei utan. Det er ønskjeleg med meir om forholdet mellom villfisk og oppdrett i planen. Er kunnskapsgrunnlaget om dette godt nok?

Det vart peika på at det rundt Osterøy berre vert produsert regnbogaure, ikkje laks.

Frå Kystverket vert det peika på at farleia ligg fast. Hovudlei og bilei må visast i plankartet som ein strek (etter kartnormalen). Det ligg 3 fiskeområde midt i leia. Her må planen visa kombinerte føremål: fiske og ferdsel.

### Strandsona

Frå HFK vart det peika på at det er positivt at kommunen har fått gjort kartlegging av funksjonell strandsona og nytta dette i planen med å setje byggegrense. Det er viktig at det er mogleg å sjå vurderingane bak den fastsette grensa, det bør vere transparens i planlegginga.

Kva er tanken bak krav om p-plass til naust i føresegnene? Dette kan føre til uheldig etablering av p-plassar i strandsona. Kommunen peiker på at det ikkje er krav om etablering av p-plass, men om dokumentasjon av plass for bil. Meininga er å unngå parkering av bilar langs vegen ved etablering av nye naust.

Føresegnene om spreidd bygging av naust gjeld berre for Raknesvågen. Her er det særlege tilhøve som er tatt inn i føresegnene.

Det er krav om felles tilkomstbrygge i naustmiljøa, og desse skal visast på plankartet. Frå Kultur er ein kritisk til dette kravet i høve til verneverdige naustmiljø.

Frå fylkesmannen vart det peika på at det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar i strandsona for tilkomst. Viktig at kommunen sikrar tilgang til sjø.

### Kulturminne

Frå fylkeskonservator vart det peika på at det er positivt at kommunen legg opp til fleire nye område med omsynssoner. Hosanger og Mjøsvågen er viktige område. Det vart rådd til å sjå heilskapen i områda og utvida omsynssonene. Naustmiljøet ved Bruvik kyrkje er særleg knytt til kyrkja og bør innlemast i omsynssona. Mange av kyrkestadene med omsynssoner er middelalderkyrkjer eller kyrkjegarder. Kommunen bør ha kontakt med fylkeskonservator om desse før høyring.

Minner om at automatisk freda kulturminne skal ha omsynssone d). Kritisk til innleming i omsynssone c) med friluftsliv og etablering av turstiar og bål plassar. Desse tiltaka kan gje uheldige ringverknader for kulturminna.

### Småbåthamner

Det er ikkje lagt opp til nye småbåthamner i planforslaget. Terrenget på Osterøy avgrensar dette naturleg i høve til tilkomst.

Kystverket peiker på at det er kommunen som kan gje løyve til småbåthamner, og at lokalisering av badeområde og småbåthamn i saman kan vere uheldig.

### Samferdsel

Frå HFK vart det peika på at kollektivtrafikk og mjuke trafikantar må ivaretakast i planen.

Folkehelseprinsippet må leggjast til grunn. Det vart rådd til å konferera med Skyss.

Statens vegvesen peiker på at det er bra med restriksjonar mot parkering i vegen. Det er ikkje naudsynt å ta inn rammeplan i føresegnene som det er gjort i 2.2.

### Friluftsliv

Det er viktig å ha tilgang til friluftsområde der ein bur og der det vart bygd. Det er ei god løysing å lage gangvegar utan større inngrep, men med enklare løysingar som ramper og gangvegar av tre. Det er positivt at kommunen systematisk har sikra attraktive område for friluftsliv i strandsona. Dette er gjort på ein god måte.

Som avslutning takka utvalsleiar for møtet som han opplevde som interessant og nyttig med gode råd og innspel. Han peika på at administrasjonen har gjort eit godt arbeid i planlegginga.